

OSTERØY KOMMUNE  
Postboks 1  
5293 LONEVÅG

---

<b>Dato</b>	25/04/2023
<b>Vår referanse</b>	2023/56388-2
<b>Dykkar referanse</b>	23/849 - 23/7431
<b>Sakshandsamar</b>	Peter Forras
<b>E-post</b>	Peter.Forras@vlfk.no
<b>Telefon</b>	47690029

## Mellombels uttale til søknad om riving av løe - gnr. 141 bnr. 3 Burkeland – Osterøy kommune

Vi viser til brev frå Osterøy kommune datert 30.03.2023 om ovanfor nemnde sak. Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Saka gjeld søknad om riving av eldre løe på gnr. 141 bnr. 3 Burkeland – Osterøy kommune. Saka er ikkje tilstrekkeleg opplyst når det gjeld moglege kulturminneverdiar knytt til løa. For at Vestland fylkeskommune skal kunne gje kulturminnefagleg fråsegn i denne saka, treng vi meir dokumentasjon.

Løa er ei eldre løa som er SEFRAK-registrert som eldre enn 1850. Løa er eit grindbygg på tørrmur med brakekledning på gavlvegg, og panel på langsida. I søknaden kjem det ikkje fram kva skadebiletet er utover fotografi av hol i delar av taket og manglande brakekledning. Det er uklart om løa har ein eldre påbyggingshistorikk og kva tilstanden er i ulike delar av løa.

Hvis løa er flytta frå klygjetunet slik SEFRAK-registreringa tydar på kan løa heilt eller delvis vere svært gammal. Brakekledde grindbygg som løer og uthus var svært utbreidd i dette området, men tapet av løer og uthus er høgt slik at terskelen for å godkjenne riving må vere høg. Løa ligg også i eit eldre gardsmiljø og kulturlandskap.

For å vurdere saka må vi få fleire bilete av bygningen og dei nære omgjevnadane, og fleire bilete av konstruktive element slik at det er mogleg å vurdere alder og kulturminneverdi, og ein utdjupeing av skadebiletet når det gjeld grindverket og taksperra.

Vi viser elles til våre nettsider for kva opplysningar vi treng. Her er link til dette:  
<https://www.vestlandfylke.no/kultur/kulturarv/kva-saker-skal-sendast-til-fylkeskommunen/>

Vår førespurnad om ytterlegare dokumentasjon er i tråd med krava til søknad om løyve til tiltak etter byggesaksforskrifta (SAK 10) § 5-4, første og tredje ledd, heimla i plan- og bygningslova §§ 20-2 og 20-4.

Vestland fylkeskommune vil gi endeleg fråsegn når saka er tilstrekkeleg opplyst. Vi ber om at kommunen ikkje gir løyve til omsøkt tiltak før endeleg kulturminnefagleg fråsegn ligg føre.

Med helsing

**Karoline Hareide Breivik**  
leiar  
KFO - Arealplan (Førde)

**Peter Forras**  
seniorrådgjevar  
KFO - Arealplan (Førde)

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskreven underskrift*